

Ung kultur møtast – Nordhordland

Knarvik 01.10.2019

Nordhordland UKM har vert eit samarbeid mellom kommunane Radøy, Meland, Lindås, Austrheim, Fedje og Masfjorden. I 2020 skal kommunane Lindås, Radøy og Meland samanslåast til Alver kommune. Sidan tre av kommunane slåast saman, ynskjer me å opprette ein ny avtale mellom arrangørane for perioden 2020-2024. Samarbeidet startar i november 2019.

Alle kommunane har tidligare fordelt utgiftene likt mellom seg, men det har vore ei skeiv fordeling knytt opp til arbeidstimane brukt av tilsette. Budsjettet er på om lag kr 90 000 for lokalmønstringa der utgifter til fylkesmønstringa kjem i tillegg. Kvar kommune har gått inn med kr 10 000,- Men i 2019 betalar Meland og Lindås ein større del av utgiftene enn dei andre kommunane. I 2018 fekk UKM Nordhordland inn ein del stimuleringsmilder til å dekke utgifter. Arrangørane i Alver ynskjer å vidareutvikle UKM, og bevare husband under lokalmønstringa. Dette gjer at budsjettet ligg på omtrent kr 90 000 for lokalmønstringa framover.

Kommunekontaktar for Radøy, Meland og Lindås har utarbeidet ein avtale og eit budsjett for UKM framover. I Alver vert UKM lagt under kultur på avdelinga ungdom, fritid og medverknad. Avdelinga ynskjer eit eigarskap til UKM og ynskjer ein heilhet på arrangementet, der deltakarar skal verte behandla likt og ha same oppfølging. Dette vil skape ein meir heilhetlig følelse for deltakarane uansett kor dei kjem frå, noko det er ein stort behov for.

Me håpar dei andre kommunane ynskjer å fortsette som ein del av arrangementet og samarbeidet, men etter erfaringar ser me at nokre endringar må til. Me foreslår to ulike samarbeidsavtaler, som det kan veljas i mellom. Me ynskjer tilbakemelding frå kommunen og/ eller kommunekontakt på kva de ynskjer innan fredag 18.oktober til katarina.birkeland@radoy.kommune.no. Påmeldinga til mønstringa 2020 startar 1.november 2019.

Alver vil stå som hovudarrangør, og ta ein mykje større del av utgiftene til arrangementet.



Samarbeidsavtale for perioden 2020-2024

Avtale 1: Kjøpe seg inn i arrangementet

- Kommunen betaler seg inn i arrangementet, sum kr 20 000,-
- Det er ikkje pålagt noko anna kring arrangementet enn å hjelpe med marknadsføring.
- Arrangørane i Alver tar seg av planlegginga og gjennomføringa av arrangementet.
- Arrangørane i Alver tar seg av fylkesmønstringa og kostnadar knytt til dette.

Avtale 2: Aktiv medarrangør

- Kommunen er medarrangør på arrangementet.
- Kommunen oppnemne ein kommunekontakt som er medarrangør og følgjer opp avtalen.
- Må delta på 4-6 møter før mønstring, på dag og kveldstid.
- Kommunekontakt har eigne ansvarsområder som fordeles på møter, som må gjennomførast.
- Kommunekontakt må delta på heile UKM helga, med å gjere klart dagen før mønstringa, på sjølve mønstringa og opprydding.
- Kommunen betaler kr 10 000,- for arrangementet.
- Kommunen har sjølv ansvar for sine deltakere på fylkesmønstringa med å følgje opp. deltakere både før og under mønstringa, betale eigenandel, reiseutgiftar og sende ut informasjon.
- Visst kommunen ikkje holder avtalen, vert kommunen fakturert etter avtale 1.

Avtale signerast og sendas med signatur til Katarina Birkeland på e-post katarina.birkeland@radoy.kommune.no innan **18.oktober**.

Kommunenamn:

Kontaktperson:

E-post til kontaktperson:

Me ynskjer:

Avtale 1:

Avtale 2:

Me ynskjer ikkje lengre å vere ein del av UKM Nordhordland:



Signatur

Stad og dato